



VOLDA KOMMUNE
Kommunalteknisk avdeling
6100 VOLDA

Økonomisjefen
Revisor
Rådgjevar rPer Ernst Lundberg
Eigedomsavd. Her
Eldrerådet, her
Driftsstyret, her

VOLDA, 09.06.2006

Vår ref
AA-04/02492

Løpenr.
004640/06

Arkivkode
L05 &00

Dykkar ref.

MELDING OM POLITISK VEDTAK - REVIDERING AV VEDTEKTER TIL PLAN- OG BYGNINGSLOVA § 69 NR.4 OG 5

Vi melder med dette frå at KOMMUNESTYRET den 01.06.2006 hadde føre ovannemnde som sak 0040/06, der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Framlegg til endra vedtekter til Pbl. §69 nr. 4 og 5 vert godkjend slik den ligg føre i vedlegg til formannskapssak 0099/05, arkivsaksnummer 04/02492 med fylgjande endring:
Pkt. 5 vert endra til kr. 100.000 pr. parkeringsplass.*
2. *Forskrifta trer i kraft når kommunestyret har godkjent forskrifta og den er kunngjort.*

Saksutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Med helsing
Volda kommune, Servicekontoret
Anne-Karin Egseth
Anne-Karin Egseth
sekretær

Postadresse:	Telefon:	Telefaks:	Org. nr.	939 760 946
Stormyra 2	70 05 87 50	70 05 87 01	Postgiro skatt	0827.5915190
6100 VOLDA	(dir.innval til saksh.)	70 05 87 51	Bankgiro	3991.07.81727
		70 05 88 71		
Gateadresse:		70 05 88 56		
Stormyra 2		70 05 87 91		

SAMLA SAKSFRAMSTILLING

Arkivsak: 04/02492

REVIDERING AV VEDTEKTER TIL PLAN- OG BYGNINGS-LOVA § 69 NR. 4 OG 5

Sakshandsamar: Asbjørn Aasebø		Arkiv: L05 &00
Saksnr.:	Utval	Møtedato
0099/04	FORMANNSKAPET	18.10.2004
0104/04	KOMMUNESTYRET	28.10.2004
0099/05	FORMANNSKAPET	14.11.2005
0041/06	FORMANNSKAPET	08.05.2006
0040/06	KOMMUNESTYRET	01.06.2006

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	Asbjørn Aasebø	Arkiv: L05 &00
Arkivsaksnr.:	04/02492	

REVIDERING AV VEDTEKTER TIL PLAN- OG BYGNINGS-LOVA § 69 NR. 4 OG 5

ADMINISTRASJONEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Framlegg til endra vedtekter til Pbl. §69 nr. 4 og 5 vert godkjend slik den ligg føre i vedlegg til formannskapssak 0099/05, arkivsaksnummer 04/0249.
2. Forskrifta trer i kraft når kommunestyret har godkjent forskrifta og den er kunngjort.

Samandrag:

Framlegg til endra vedtekter til Pbl. §69 nr. 4 og 5 har vore lagt ut til offentleg ettersyn og sendt aktuelle høyringsinstansar til uttale. Det er komt inn i alt 4 merknader.

Etter ein samla vurdering tilrår adm.sjefen:

- Ordning med frikjøp parkeringsdekning vert vidareført som eit tilbod til moglege utbygarar som ikkje har parkeringsareal sjølv.
- Framlegg til endra vedtekt til Pbl. §69 nr. 4 og 5 vert vedteken slik den ligg føre som vedlegg til formannskapssak 0099/05, arkivsaksnr. 04/02492.

Saksopplysningar:

I samband med utlegging til offentleg ettersyn kom det inn 4 merknader til framlegg til endra vedtekter til Pbl. §69 nr.4 og 5. Dette var frå fylgjande:

- Driftsstyret
- Eldrerådet
- Eigedom- og forvaltningsstyre
- Kontoret for Næringslivet i Volda

Eg skal kort kommentere innhald i merknadane:

Frå Driftsstyret.

Driftsstyret har fylgjande merknad til pkt.5 i framlegg til nye vedtekter: "Driftsstyret meiner det ikkje skal løne seg å kjøpe seg fri for biloppstillingsplass på eigen grunn eller fellesareal, og meiner difor at prisen for frikjøp bør aukast til kr. 100.000."

Kommentar:

Forslag til betalingssats er sett med utgangspunkt i innhenta kostnadstal for p-plass i parkeringsanlegg. Innhenta prisar varierte mellom 70.000 til 90.000. Kostnad vil naturleg nok variere frå prosjekt til prosjekt alt etter vanskegrad. Summen kr. 100.000 kan såleis godt vere like rett som den tilrådde på kr. 80.000. Adm.sjefen tilrår likevel at frikjøpssum vert sett til kr. 80.000.

Frå Eldrerådet:

Eldrerådet har fylgjande uttale: "Eldrerådet tek vedtekter til plan-og bygningslova §69 nr. 4 og 5 til vitande."

Frå Eigedom og forvaltningsstyret:

"Eigedom og forvaltningsstyret har ingen merknader til framlegget til nye vedtekter til §69 nr. 4 og 5 i plan- og bygningslova."

Frå Kontoret for Næringslivet i Volda:

Frå næringssejef er det kome merknad. Merknad går på fylgjande hovedpunkt:

- Ordninga med frikjøp bør vidaeførast då dette kan vere med på å stimulere til framtidig utbygging av næringsareal i sentrum.
- Volda sine "noverande" takstar på rundt kr. 40.000 bør vidareførast.
- Kommunen bør sikre areal til framtidig utbygging av offentlege parkeringsplassar ved bruk av frikjøpsmidlar.

Kommentar:

Merknad frå Kontoret for Næringslivet går i hovedsak på prisnivå på frikjøp. Det vert vist til Brønnøysund sine takstar som er på Volda kommune sine sist regulerte satsar, dvs. omlag kr 40.000 inkl. grunn. Ved utbygging av p-plassar på Moritzmarka på marknivå hadde kommunen tilgang på gratis tunellmasser. I tillegg var parkeringsanlegget del av eit større tilbod med stordriftsfordelar, parkeringsplassar på bakkenivå og eit svært lett område å bygge i. Sjølv her dekkja ikkje betalingssatsane dei reine utbyggingskostnadane. Kjenner ikkje grunnlaget for prisfastsetjing i Brønnøysund, men markedspris i Volda vil ligge på eit nivå som skissert i saka. Med kanskje vanskelege arronderingar i høve til bygningar og arealform vil parkeringsplassar i parkeringsanlegg minst ligge på det nivå som er skissert i saka. Dei tala bygger på innhenta materiale frå Herøy kommune og frå entreprenørar. Eg held såleis fast på tilrådinga med betalingssats på kr. 80.000.

Helse- og miljømessige konsekvensar av saka:

Ikkje vurdert

Økonomiske konsekvensar av saka:


Justering av satsane til kr. 80.000 vil føre til ein meirkostnad på om lag kr. 40.000 pr. p-plass for utbyggingar som brukar ordninga med frikjøp. Kommunen sine økonomiske kostnader er då avgrensa til eit minimum.

Konklusjon:

Eg tilrår at ordninga med frikjøp for parkeringsdekning på eigen grunn vert vidareført som eit tilbod til moglege utbyggarar som ikkje har parkeringsareal sjølv. Pris pr. p-plass vert justert til tilnærma sjølvkost pris for bygging av p-plassar i parkeringsanlegg. Pris kr. 80.000 pr plass står fast ut 2006, og vert deretter regulert kvart år pr. 1. januar. Første regulering 01.01.2007 i takt med endringa i Statistisk Sentralbyrå sin byggekostnadsindeks for boligblokk. Basis: indeksen pr. januar 2006.

Vedlegg:

1. Framlegg til endra vedtekt til Pbl. §69 nr. 4 og 5.
2. Merknad frå Driftsstyret frå møte 11.01.2006
3. Uttale frå Eldrerådet frå møte 13.12.2005
4. Uttale frå Eigedom og forvaltningsstyret frå møte 13.12.2005
5. Uttale frå Kontoret for Næringslivet datert 07.12.2005


Jarle B. Krumsvik
Adm.sjef

Asbjørn J. Aasebø
Leiar Kommunalteknisk avdeling

Utskrift til:
høyringsinstansane

Klageinstans:
Ingen

Saksprotokoll

Utval: FORMANNSKAPET
Møtedato: 08.05.2006
Sak: 0041/06

Arkivsak: 04/02492
Tittel: REVIDERING AV VEDTEKTER TIL PLAN- OG BYGNINGS-LOVA
§ 69 NR. 4 OG 5

Vedtak/ Tilråding til kommunestyret:

- 1. Framlegg til endra vedtekter til Pbl. §69 nr. 4 og 5 vert godkjend slik den ligg føre i vedlegg til formannskapssak 0099/05, arkivsaknummer 04/02492 med fylgjande endring:
Pkt. 5 vert endra til kr. 100.000 pr. parkeringsplass.*
- 2. Forskrifta trer i kraft når kommunestyret har godkjent forskrifta og den er kunngjort.*

Behandling:

Jan Heltne kom med fylgjande framlegg:

*Som pkt 1 i administrasjonen si tilråding med fylgjande endring:
Pkt. 5 vert endra til kr. 100.000 pr. parkeringsplass.*

Røysting:

Ved alternativ røysting mellom administrasjonen si tilråding til pkt. 1 og framlegget frå Jan Heltne fekk Jan Heltne sitt framlegg 7 røyster og vart vedteke. Administrasjonen si tilråding til pkt. 1 fekk 2 røyster og fall. Pkt. 2 i administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Saksprotokoll

Utval: KOMMUNESTYRET
Møtedato: 01.06.2006
Sak: 0040/06

Arkivsak: 04/02492
Tittel: REVIDERING AV VEDTEKTER TIL PLAN- OG BYGNINGS-LOVA
§ 69 NR. 4 OG 5

Vedtak

- 1. Framlegg til endra vedtekter til Pbl. §69 nr. 4 og 5 vert godkjend slik den ligg føre i vedlegg til formannskapssak 0099/05, arkivsaksnummer 04/02492 med fylgjande endring:
Pkt. 5 vert endra til kr. 100.000 pr. parkeringsplass.*
- 2. Forskrifta trer i kraft når kommunestyret har godkjent forskrifta og den er kunngjort.*

Behandling:

Gunnar Strøm kom med fylgjande framlegg til pkt. 1:

- 1. Framlegg til endra vedtekter til Pbl. §69 nr. 4 og 5 vert godkjend slik den ligg føre i vedlegg til formannskapssak 0099/05, arkivsaksnummer 04/02492.*

*Det vart halde gruppemøte i saka.
Gunnar Strøm trekte sitt framlegg.*

*Røysting:
Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.*

VOLDA KOMMUNE

VEDTEKTER TIL PLAN- OG BYGNINGSLOVA § 69 NR. 4 OG 5

1. I regulerings- og utbyggingsplanar skal det gjerast greie for dei anlegg som er nemnt i § 69 nr. 1. I den grad behovet for slike anlegg er dekkja på tilstøytande areal må dette dokumenterast. Anlegga sin samanheng med køyreveggar, gangveggar og friareal må visast.
2. På eiga tomt eller på fellesareal for fleire tomter skal det sikrast areal for følgjande antal biloppstillingsplassar:
 - a. Bustadbygg skal ha oppstillingsplass på eiga tomt eller på fellesareal for fleire tomter for 1 bil pr. buening pluss 0,5 bil pr. buening til gjesteparkering. Dersom samla antal bueningar overstig 10 vert kravet til gjesteparkering redusert til 0,25 bil frå og med 11. buening. For sjølvstendige einbustadtomter som ikkje samarbeider om felles parkeringsanlegg vil likevel kravet til gjesteparkering vere 1 bil pr. buening. For hybelbygg er kravet 1 biloppstillingsplass pr. hybeleining utan krav til gjesteparkering.
 - b. Forretningsbygg skal ha oppstillingsplass på eiga tomt eller på fellesareal for fleire tomter for 1 bil pr. 50 m² brutto golvflate BTA salslokale og kontor og 1 bil pr. 100m² brutto golvflate BTA lager. I tillegg til dette kjem areal til inn- og utkøyring og naudsynt lasteareal for vare- og lastebilar.
 - c. Industri-, verkstad- og lagerbygg skal ha oppstillingsplass for 1 bil pr. 100 m² brutto golvflate BTA. For bilverkstader og servicestasjonar er kravet 3 biloppstillingsplassar pr. 100 m² brutto golvflate BTA. I tillegg til dette kjem areal til inn- og utkøyring og naudsynt lasteareal for vare- og lastebilar.
 - d. Hotell skal ha oppstillingsplass for 2/3 bil pr. rom.
 - e. Restaurantar, kafèar o.l. skal ha oppstillingsplass for 1 bil pr. 5 sitjeplassar.
 - f. Skular og barnehagar skal ha oppstillingsplass for 1 bil pr. tilsett. I tillegg skal vidaregåande skular ha oppstillingsplass for 1 bil pr. 10 elevar og barnehagar for 1 bil pr. 5 barn.
 - g. Sjuke- og aldersheimar skal ha oppstillingsplass for 1 bil pr. sengeplass.
 - h. Forsamlingslokale, her under kyrkjer, bedehus, ungdomshus/grendahus, teater og kino, skal ha biloppstillingsplassar fastsett etter skjøn. Kravet skal likevel vere minst 1 biloppstillingsplass pr. 10 personar ved maks. kapasitet.
 - i. For andre bygningar og anlegg skal talet på biloppstillingsplassar fastsetjast

etter skjønn.

3. For tilbygg/påbygg gjeld kravet i punkt 2 for dei deler av bygningar som arbeidet omfattar. Hovudombygging eller delvis ombygging krev ikkje fleire biloppstillingsplassar etter punkt 2 dersom bygninga etter ombyggingsarbeidet samla sett framleis skal nyttast til same formål som tidlegare.

Skal bygninga eller ein del av bygninga, etter hovudombygging eller delvis ombygging, nyttast til anna formål enn tidlegare, må det sikrast areal for nye biloppstillingsplassar dersom det nye bruksformålet, jfr. punkt 2, gjer det naudsynt med fleire biloppstillingsplassar enn det tidlegare bruksformålet. Talet på nye biloppstillingsplassar skal setjast til differansen mellom det antal plassar som vert kravd etter punkt 2 og krav etter tidlegare bruksformål for same del av bygninga.

4. Kommunen kan samtykke i at det i staden for biloppstillingsplassar på eigen grunn eller på fellesareal vert innbetalt eit beløp pr. manglande plass for bygging av offentlege parkeringsanlegg. Kommunen kan krevje at tiltakshavar inngår avtale om betaling av nærare utrekna beløp før igangsetjingsløyve vert gjeve. Avtalen skal kunne tinglysast på eigedomen. Endeleg innbetaling av fastsett/avtalt beløp skal gjerast seinast når bygget/anlegget vert teke i bruk.

5. Beløp pr. manglande parkeringsplass er fastsett til kr 80.000. Denne summen står fast ut 2006 og vert deretter regulert kvart år pr. 1. januar (første regulering 01.01.2007) i takt med endringa i Statistisk Sentralbyrå sin byggekostnadsindeks for boligblokk. Basis: Indeksen pr. januar 2006.

Denne vedtekta, sist endra 00.00.0000, er vedteken av Volda kommunestyre i møte den 00.00.2005 (K-sak 0000).

Volda kommune, 00/00 - 0000

Ragnhild Aarflot Kalland
ordfører



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret
6100 VOLDA

Formannskapet
her

VOLDA, 12.01.2006

Vår ref
BK-05/02662

Løpenr.
000283/06

Arkivkode
L05 &00

Dykkar ref.

MELDING OM POLITISK VEDTAK - REVIDERING AV VEDTEKTER TIL PLAN OG BYGNINGSLOVA § 69 NR. 4 OG 5. UTTALE FRÅ DRIFTSSTYRET

Vi melder med dette frå at DRIFTSSTYRET den 11.01.2006 hadde føre ovannemnde som sak 0002/06, der det vart gjort slikt vedtak:

Driftsstyret har følgjande merknad til framlegget til nye vedtekter til § 69 nr. 4 og 5 i plan- og bygningslova.
Pkt.5:

Driftsstyret meiner det ikkje økonomisk skal løne seg å kjøpe seg fri for biloppstillingsplass på eigen grunn eller fellesareal, og meiner difor at prisen for frikjøp bør aukast til kr.100.000,-.

Saksutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Med helsing
Volda kommune, servicekontoret

Bente Kristin Krøvel
Bente Kristin Krøvel
sekretær

Kopi til: Kommunalteknisk avdeling v/leiar

Postadresse:
Stormyra 2
6100 VOLDA

Telefon:
70 05 88 87
(dir.imnval til saksh.)

Telefaks:
70 05 87 01 Sentraladministrasjonen
70 05 87 51 Teknisk sektor
70 05 88 71 Skule- og barnehagesektor
70 05 88 56 Kultursektor
70 05 87 91 Landbrukskontoret

Org. nr. 939 760 946
Postgiro skatt 0827.5915190
Bankgiro 3991.07.81727

Gateadresse:

SAMLA SAKSFRAMSTILLING

Arkivsak: 05/02662

REVIDERING AV VEDTEKTER TIL PLAN OG BYGNINGSLOVA § NR.4 OG 5 UTTALE DRIFTSSTYRET

Sakshandsamar:	Bente Kristin Krøvel	Arkiv: L05 &00
Saksnr.:	Utval	Møtedato
0002/06	DRIFTSSTYRET	11.01.2006

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	Bente Kristin Krøvel	Arkiv: L05 &00
Arkivsaksnr.:	05/02662	

REVIDERING AV VEDTEKTER TIL PLAN OG BYGNINGSLOVA § NR.4 OG 5 UTTALE DRIFTSSTYRET

ADMINISTRASJONEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Driftsstyret har ingen merknader til framlegget til nye vedtekter til § 69 nr. 4 og 5 i plan- og bygningslova.

Saksopplysninger:

Formannskapet den 14.11.2005 hadde føre ovannemnde som sak 0099/05, der det vart gjort slikt vedtak:

1. Framlegg til endra vedtekter til Pbl. §69 nr. 4 og 5 vert lagt ut til offentleg ettersyn og sendt aktuelle høyringsinstansar til uttale.
2. Frist for evt. merknad vert sett til 1mnd. etter vedtak om utlegging til offentleg ettersyn.

Økonomiske konsekvensar av saka:

Sjå saksutgreiinga i vedlegg 1.

Konklusjon:

Eg viser til den vedlagde saksutgreiinga og rår til at framlegget til nye vedtekter vert godkjende slik dei ligg føre i vedlegget til denne saka.

Vedlegg:

1. F.sak 0099/05 den 14.11.05

Jarle B. Krumsvik
Adm.sjef

Utskrift til:

Formannskapet
Kommunalteknisk avdeling v/Asbjørn Aasebø

Saksprotokoll

Utval: DRIFTSSTYRET
Møtedato: 11.01.2006
Sak: 0002/06

Arkivsak: 05/02662
Tittel: REVIDERING AV VEDTEKTER TIL PLAN OG BYGNINGSLOVA § NR.4 OG 5 UTTALE DRIFTSSTYRET

Vedtak:

Driftsstyret har følgende merknad til framlegget til nye vedtekter til § 69 nr. 4 og 5 i plan- og bygningslova.
Pkt.5:

Driftsstyret meiner det ikkje økonomisk skal løne seg å kjøpe seg fri for biloppstillingsplass på eigen grunn eller fellesareal, og meiner difor at prisen for frikjøp bør aukast til kr.100.000,-.

Behandling:

Jan Henning Egset kom med følgende framlegg:

Driftsstyret meiner det ikkje økonomisk skal løne seg å kjøpe seg fri for biloppstillingsplass på eigen grunn eller fellesareal, og meiner difor at prisen for frikjøp bør aukast til kr.100.000,

